**Til Festen** 1962

Hordalands ungdoms-lag årsmøte held,
no er me samla til fest her i kveld.
Utsendingar mange er komne her
kvar einaste ein, velkomen ver.
Må alle her finna gleda og gaman
og hyggja dykk vel alle i saman.
Vårt ungdomslag eit av dei gamle er
no yver dei 70 aari fort det ber.
Det er nokk her som i alle lag,
her er inkje alltid ein solskin-dag
arbeidet går vel upp og ner,
stundom i mot og stundom med.
Men her i laget vart det som på odelsgarden
sonen tok plassen etter faren.
Og gjenta fylgde i mori sitt fotefar
slik er det no og slik det var.
Og laget hev livt og haat fram-gang og trivna
for alltid var her ungdom med livsmot og gjevna
Men tidi hev sjift gjenom mange år
no set me alle i gode kår.
Til ungdomslaget no, kjem dei køyrande i bil
og ofta er vegen ei liti mill.
Nei fyrr då gjekk me bå til og i frå
men me hadde sko med både hel og tå
Og hugnad i laget var det kvar gang me gjekk
og fylgje på heimvegen oftast me fekk
Men tidi er onorleis ho i dag
i alt, ogso i eit ungdoms-lag.
Ein formann, kor gild han enn kann vera
han kann inkje alt åleine gjera.
Nei styre og lagsfolk lyt hjelpast åt
dei er då alle i same båt
Me skal minnast dei dugande menner i dag
som skipa Hordalands ungdoms-lag
Trauste og sterke i striden dei stod
med hjarte-varme og von so god.
Dei eigde trui på ungdomen fager
og yngste dei ljose og gilde dagar.
For ungdomen er som den gryande vår
der kjem nye skudd, kvart einaste år.
Me ærar dei menn for kva dei fekk gjera
og lovar å arbeidet framyver bera.
Deira minne det for oss lyser
og takksemd til dei me i hjarto våre hyser.

Engel Stensletten

Til
Festen. 1962.

Hordalands ungdoms-lag årsmöte held,
no er me samla til fest her i kveld.
Utsendingar mange er komne her
kvar einaste ein velkomen ver.
Må alle her finna gleda og gaman
og hyggja dykk vel alle i saman.
Vårt ungdoms.lag eit av dei gamle er
no yver dei 70 aari fort det ber.
Det er nokk her som i alle lag;
her er inkje alltid ein solskin-dag
arbeidet går vel upp og ner.
stundom i mot og stundom med,
Men her i laget vart det som på odelsgarden
sonen tok plassen etter faren.
og gjenta fylgde i mori sitt fotefar
slik er det no og slik det var.
Og laget hev levt og havt fram-gang og trivna
for alltid var her ungdom med livsmot og gjevna.
Men tidi hev skift gjenom mange år
no set me alle i gode kår.
Til ungdomslagen no, kjem dei kjørande i bil
og ofta er vegen ei liti mill.
Nu fyrr då gjekk me bå til og i frå
men me hadde sko med både hel og tå
~~Og hugnad i laget~~ var det kvar
Og hugnad i laget ~~alltid~~ ~~kvar~~ gang me gjekk
og fylgje på heimvegen oftast me fekk

Men tidi er anorleis no i dag
i alt, ogso i eit ungdoms- lag.
Ein formann, kor gild han enn kann vera
han kann inkje alt åleine gjera.
Nei styre og lags folk lyt hjelpast åt
dei er då alle i same båt
Me skal minnast dei dugande menner i dag
som skipa Hordalands ungdoms- lag
Trauste og sterke i striden dei stod
med hjarte- varm og ~~[illegible]~~ raust so god.
Dei lagde brui på ungdomen fager
og yngste dei fase og gilde dagar.
For ungdomen er som den gryande vår
der kjem nye skudd, kvart einaste år.
Me ærar dei menn for kva dei fekk gjera
og lovar å arbeidet framyver bera.
Deira minne det for oss lyser
og takksemd til dei me i hjarto våre hyser